



Møteprotokoll

Utval:	Råd for personar med nedsett funksjonsevne (PNF)
Møtestad:	Kommunestyresalen, Combisenteret, Fiskå
Dato:	25.11.2025
Tid:	kl 12:00 - 13:30

Frammøtte

Ottar Jan Løvoll
Tore Voksø

Representerer

PNF
PNF

Funksjon

Leiar
Medlem

Forfall

Rolf John Aasevik Dyb

Representerer

Kommunal
medlem
PNF
PNF

Varamedlem

Roger Alf Eikeset

Representerer

PNF

3 av 5 medlemar møtte.

Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Andreas Chr. Nørve (sak 63/25), ass. kommunedirektør Eli Tefre Nordal (sak 63/25), kommunalsjef fag, utvikling og økonomi Karoline Lundås og møtesekretær Kåre Kvangarsnes.

Dessutan møtte ordførar Paul Sindre Vedeld (t.o.m. sak 66/25).

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 59/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	25/1197
PS 60/25	Godkjenning av protokoll	25/1197
PS 61/25	Orienteringar	25/1197
PS 62/25	Referatsaker	25/1197
RS 05/25	Endringer i lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) – ikrafttredelse 1.januar 2026	25/979
RS 06/25	Høyering - Organisering og innhald i TT-ordning	25/1
PS 63/25	Endringsforslag - Økonomiplan 2026-2029 med budsjett for 2026	25/766
PS 64/25	Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	19/13070
PS 65/25	Promenaden Sameige - kjøp av leiligheter	25/1071
PS 66/25	Revisjon av beredskapsplan 2026	25/1188
PS 67/25	Revidering av retningslinjer for tildeling av helse- og omsorgstenester i Vanylven kommune	22/480
PS 68/25	Møteplan 2026 - råd for personar med nedsett funksjonsevne	23/2036
PS 69/25	Eventuelt	25/1197

PS 59/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Behandling:

PS 60/25 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen vart godkjent.

Behandling:

PS 61/25 Orienteringar

Vedtak:

Behandling:

Ingen orienteringar.

PS 62/25 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
05/25	Endringar i lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) – ikrafttredelse 1.januar 2026
06/25	Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning

Vedtak:

Behandling:

Viser til referatsakene RS 05/25 - RS 06/25.

RS 05/25 Endringer i lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) – ikrafttredelse 1.januar 2026

Vedtak:

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 13.11.2025 frå Helsedirektoratet: Endringer i lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) – ikrafttredelse 1.januar 2026

RS 06/25 Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning

Vedtak:

PNF i Vanylven vil gå inn for:

- 1.Fylkeskommunal godkjenning
2. Regelen om avstand over og under 10 km til kommunesenter, blir fjerna.
3. Brukartal 4000 og reisestøttebeløp kr. 3500,-.

Behandling:

Skriv av 06.11.2025 frå Møre og Romsdal fylkeskommune: Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning.

Kommunalsjef fag, utvikling og økonomi Karoline Lundås orienterte og opplyste at kommunen vil sende inn eit felles høyringssvar basert på uttalar i aktuelle instansar.

Framlegg frå leiar Ottar Jan Løvoll:

PNF i Vanylven vil gå inn for:

- 1.Fylkeskommunal godkjenning
2. Regelen om avstand over og under 10 km til kommunesenter, blir fjerna.
3. Brukartal 4000 og reisestøttebeløp kr. 3500,-.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PS 63/25 Endringsforslag - Økonomiplan 2026-2029 med budsjett for 2026

Vedtak:

Råd for personar med nedsett funksjonsevne tilrår:

Økonomiplan for 2026-2029 med budsjettet for 2026, samt investeringsbudsjett for 2026 blir vedteke med heimel i kommunelova § 14-3, med følgjande endringar:

- Låneopptak til investeringar på kr 26.250.000 - dette er eks.mva.
- Startlån på kr.25.000.000 til vidare utlån.
- Byggesaksgebyra vert justert i samsvar KPI, gjeldande frå 1.jan. 2026.

Endring i økonomireglement punkt 2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker:

2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker

Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet med ei nettoløyving til det enkelte rammeområde. I tillegg gjer kommunestyret vedtak på kontonivå for områda

- reserver til disposisjon
- frie inntekter (skatt, rammetilskot og liknande)
- samla avskrivning og kalkulatoriske renter
- finansielle konti (renter og avdrag) der spesifikasjonen på konti ligg i tekstdelen
- overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
- bruk og avsetning til ikkje-sektorrelaterte fonds og tidlegare års resultat

Det er kommunedirektøren som gjennom året gjer vedtak som endrar det enkelte rammeområde si nettoløyving. Kommunestyret skal få seg førelagt ei referatsak om budsjettendringar dersom det gjennomførast rammeoverføringer på meir enn kr 500 000.

Behandling:

Kommunedirektør Andreas Chr. Nørve, ass. kommunedirektør Eli Tefre Nordal, kommunalsjef fag, utvikling og økonomi Karoline Lundås og ordførar Paul Sindre Vedeld svarde på spørsmål.

Samrøystes tilråding som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren si vurdering er at økonomiplan for 2026-2029 med budsjettet for 2026, samt investeringsbudsjett for 2026 blir vedteke med heimel i kommunelova § 14-3, med følgjande endringar:

- Låneopptak til investeringar på kr 26.250.000 - dette er eks.mva.
- Startlån på kr.25.000.000 til vidare utlån.
- Byggesaksgebyra vert justert i samsvar KPI, gjeldande frå 1.jan. 2026.

Endring i økonomireglement punkt 2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker:

2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker

Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet med ei nettoløyving til det enkelte rammeområde. I tillegg gjer kommunestyret vedtak på kontonivå for områda

- reserver til disposisjon
- frie inntekter (skatt, rammetilskot og liknande)
- samla avskrivning og kalkulatoriske renter
- finansielle konti (renter og avdrag) der spesifikasjonen på konti ligg i tekstdelen
- overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
- bruk og avsetning til ikkje-sektorrelaterte fonds og tidlegare års resultat

Det er kommunedirektøren som gjennom året gjer vedtak som endrar det enkelte rammeområde si nettoløyving. Kommunestyret skal få seg førelagt ei referatsak om budsjettendringar dersom det gjennomførast rammeoverføringar på meir enn kr 500 000.

PS 64/25 Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Vedtak:

Råd for personar med nedsett funksjonsevne (PNF) tilrår:

Vanylven kommunestyre godkjenner Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2025-2035.

PNF ser det som særst viktig at planen har teke omsyn til universell utforming, for lik tilgjenge for alle.

Behandling:

Samrøystes tilråding som framlegget med slikt tillegg frå leiar Ottar Jan Løvoll:

PNF ser det som særst viktig at planen har teke omsyn til universell utforming, for lik tilgjenge for alle.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at Vanylven kommunestyre godkjenner Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2025-2035, og politikarane må ta stilling til om innspela etter høyringsrunden skal innarbeidast i planen.

PS 65/25 Promenaden Sameige - kjøp av leiligheter

Vedtak:

Råd for personar med nedsett funksjonsevne tilrår:

Vanylven kommune kjøper 2 stk leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Vanylven kommune kjøper leilegheit 3.2 og 4.4 til ein samla sum på kr 10.680.000,- + felleskostnader

Tilsagnet vert gitt for 6 månader frå vedtaksdato i kommunestyret

Kjøpet vert finansiert gjennom nytt låneopptak

Behandling:

Leiar Ottar Jan Løvoll sette fram alternativ 3.

Vanylven kommune kjøper 2 stk leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Vanylven kommune kjøper leilegheit 3.2 og 4.4 til ein samla sum på kr 10.680.000,- + felleskostnader

Tilsagnet vert gitt for 6 månader frå vedtaksdato i kommunestyret

Kjøpet vert finansiert gjennom nytt låneopptak

Framlegget vart samrøystes tilrådd.

Fagleiar teknisk si tilråding:

Alternativ 1:

På grunn av den økonomiske situasjonen må Vanylven kommunestyre takke nei til kjøp av leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Alternativ 2:

Vanylven kommunestyre kjøper 1 stk leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Vanylven kommune kjøper leilegheit 4.4 til ein samla sum på kr 5.890.000,- + felleskostnader

Tilsagnet vert gitt for 6 månader frå vedtaksdato i kommunestyret

Kjøpet vert finansiert gjennom nytt låneopptak

Alternativ 3:

Vanylven kommunestyre kjøper 2 stk leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Vanylven kommune kjøper leilegheit 3.2 og 4.4 til ein samla sum på kr 10.680.000,- + felleskostnader

Tilsagnet vert gitt for 6 månader frå vedtaksdato i kommunestyret

Kjøpet vert finansiert gjennom nytt låneopptak

Alternativ 4:

Vanylven kommunestyre kjøper 3 stk leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Vanylven kommune kjøper leilegheit 3.2, 4.4 og 4.5 til ein samla sum på kr 16.670.000,- + felleskostnader

Tilsagnet vert gitt for 6 månader frå vedtaksdato i kommunestyret

Kjøpet vert finansiert gjennom nytt låneopptak

PS 66/25 Revisjon av beredskapsplan 2026

Vedtak:

Råd for personar med nedsett funksjonsevne tilrår:

Beredskapsplanen vert godkjent slik den ligg føre. Vedtaket er gjort i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) §15. Denne planen skal ajourhaldast og godkjennast årleg.

Behandling:

Samrøystes tilråding som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Beredskapsplanen vert godkjent slik den ligg føre. Vedtaket er gjort i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) §15. Denne planen skal ajourhaldast og godkjennast årleg.

PS 67/25 Revidering av retningslinjer for tildeling av helse- og omsorgstenester i Vanylven kommune

Vedtak:

Råd for personar med nedsett funksjonsevne tilrår:

Kommunestyret vedtek revidert utgåve av "Retningslinjer for tildeling av helse- og omsorgstenester i Vanylven kommune."

Behandling:

Kommunalsjef fag, utvikling og økonomi Karoline Lundås orienterte og svarte på spørsmål.

Samrøystes tilråding som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek revidert utgåve av "Retningslinjer for tildeling av helse- og omsorgstenester i Vanylven kommune."

PS 68/25 Møteplan 2026 - råd for personar med nedsett funksjonsevne

Vedtak:

Råd for personar med nedsett funksjonsevne har møte desse dagane i 2026:
3. februar, 17. mars, 21. april, 9. juni, 25. august, 13. oktober, 1. desember.

Møta skal normalt start kl. 12.00.

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Råd for personar med nedsett funksjonsevne har møte desse dagane i 2026:
3. februar, 17. mars, 21. april, 9. juni, 25. august, 13. oktober, 1. desember.

Møta skal normalt start kl. 12.00.

PS 69/25 Eventuelt

Vedtak:

Behandling:

Val av medlem til ny eldreplan, foreslått av Ottar Jan Løvoll ,
I PNF møtet 04.03.25 vart undertegna valgt som representant for PNF inn i arbeidet med ein ny eldreplan,men har ikkje høyrte noke meir om den.Så spørsmålet blir,kva skjer med arbeidet om ny eldreplan ?

Utskifting av 55 års gammel dør på gamle sjukeheimen, foreslått av Ottar Jan Løvoll ,
På PNF møtet den 08.10.24 og som sak i PNF den 19.11.24 vart det av undertegna bedt om at den 55 år gamle hoveddøra på gamle sjukeheimen blir bytta ut med ny tidsriktig og funksjonell dør.Ingen med rullestol greier å opne døra og får no tilbakemelding på at eldre heller ikkje greier å opne døra for og ta del i tilbud beregna på alle innbyggjarane.Har ved fleire høve no i haust sett at døra har stått på vidt gap, dette kan vel ikkje vere ei god miljøsak då ein fyrer for kråka og bruker kroner der og ikkje på ny dør.
Ber om oppdatering på saka og framdriftsplan for ny dør.

Val av medlem til ny eldreplan:

Kommunalsjef fag, utvikling og økonomi Karoline Lundås opplyste at ein ikkje har hatt kapasitet til å utføre dette arbeidet i 2025. Satsar på å kome i gang i 2026.

Utskifting av 55 års gammel dør på gamle sjukeheimen:

Kommunalsjefen vil ta dette vidare og syte for at det blir fylgt opp.

Rett utskrift 26.11.2025

Kåre Kvangarsnes